

# Opprett Helse Hordaland no!

Hordaland og Stord Venstre vil ha ei ny ordning for sjukehuset. Ei orientering mot Bergen vil sikra framtida til lokalsjukehuset på Stord. Om me ikkje gjer noko vert snart heile sjukehuset ribba for alt av institusjonar.

Me som bur i Sunnhordland er avhengig av **eit godt lokalsjukehus**. For at det til ei kvar tid skal vera eit oppdatert sjukehus er alle avhengig av å få arbeida med eksperter og å ta vidare utdanning. Til det treng me å vera tilknytta universitetssjukehuset i Bergen.

Stord Sjukehus har ein god tradisjon for samarbeid med Haukeland Universitetssjukehus. Eit av dei viktigaste punkta for **å sikra framtida til Stord Sjukehus** er at ein skal få tilbake sjukehusadminstrasjonen til Stord. Ei lokal adminstrasjon sikrar ei leiing som vil sjukehuset godt. Når leiinga vert mindre topp-tung vil ein større del av økonomien kunna verta nytta



**Håkon Frode Særsten, Stord**  
Ordførarkandidat for Venstre på Stord

på pasientar i staden for administrasjon og transport av folk her og der.

Ein organisasjon som arbeidar med **kjente lokale system** er ein effektiv og mykje tryggare måte å driva eit lokalsjukehus på.

Venstre på Stord og på fylkestinget står samla om å **oppretta eit Helse Hordaland for å styrka Stord Sjukehus**.

# Viktige punkt for eit nytt helseføretak

Det må oppretta eit **Helse Hordaland HF**, der Haukeland Universitetssjukehus har eit fadderansvar overfor Stord Sjukehus. Likeins med dagens ordning ved Voss Sjukehus.

Me må **sikra framtida til Stord Sjukehus** ved at ein kan avlaste Haukeland gjennom å ta over oppgåver frå Haukeland slik ein har gjort på Voss.

Det må oppretta eit **stabil fagmiljø på Stord** knytta til desse faste avdelingane.

Me må **avlasta Haukeland** Universitetssjukehus. Haukeland har ikkje kapasitet til å meistra den forventa befolkningsveksten.

Det må sørgast for at Stord Sjukehus framleis har **fødselstilbod**, anestesi, röntgen, generell kirurgi, akuttberedskap, laboratorium og indre-medisinske tenestar osb.

Me må ha **ein lokal sjukehusadminstrasjon**. Eit stort problem er at den noverande adminstrasjonen i Helse Fonna



**Anne-Beth Njærheim, Bømlo**  
3. kandidat til fylkestinget

er lokalisert i Haugesund. Me treng ei lokal adminstrasjon som har befolkninga sitt helsetilbod og helsesikkerheit i fokus.

Dei tillitsvalde skal ha **krav på møter med adminstrasjonen**. Det er uakseptabelt at tillitsvalde vert ignorert fleire gongar når ein ønskjer dialog med leiinga!